

Per-Kristian Villanger
NORDRE AUSTMARKA 68
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6752 - 22/9473

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
02.02.2022

Svar på førespurnad om søknadspiktig tiltak - gbnr 477/35 Solheim vestre


Vi viser til din søknad/førespurnad om tiltak på eigedomen gbnr 477/35, samt ettersend dokumentasjon journalført mottatt 17.01.2022.

Du skriv at du skal seinka terrenget med inntil 1,5 meter på området som er merka i kart og at du skal føra opp støttemur mot naboeigedom. Det ligg ikkje føre teikningar av planlagt tiltak.


Kart som viser planlagt tiltak



Utsnitt av reguleringsplanen



Leidningskart



Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Austmarka, del 3, 3. byggesteg, der området er avsett til byggeområde for bustadar.

Vurdering

Dei planlagte tiltaka er vurdert å vera i samsvar med arealføremålet, men kan ikkje etablerast i strid med byggegrensa langs kommunal veg, sjå stipla linje.

Mindre fylling eller planering av terreng er unntatt frå krav til søknad og løyve dersom avviket frå terreng, i tettbygd strøk, ikkje er meir enn 1,5 meter i forhold til opprinnleg terrengnivå. Avstand frå fyllingsfot til nabogrense må vera minst 1.0 meter.

Når det gjeld murar kan du føra opp ein støttemur på inntil 1,0 meter høgde når avstand til nabogrense er minst 1,0 meter eller støttemur på inntil 1,5 meter når avstand til nabogrense er minst 4,0 meter, utan søknad og løyve.

Du må senda inn søknad dersom vilkåra over ikkje er oppfylt.

Verken terrenginngrep eller oppføring av mur kan etablerast innanfor byggegrensa mot veg. Etablering av tiltak i strid med byggegrensa krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

Leidningskartet viser kommunal vassleidning inn på eigedomen din. Vi veit ikkje om denne er plassert riktig. Det kan vera ein privat stikkleidning. Vi gjer merksam på at tiltak ikkje kan etablerast nærare kommunale vass- og avløpsleidningar enn 4 meter utan samtykke frå Alver kommune ved Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning.

Siktlinjer i avkøyrsla må oppretthaldast. Graveløyve må innhentast frå Samferdsel, veg, vatn og avløp dersom det skal gjerast tiltak i ein avstand på 3 meter frå kommunal veg.

Meir informasjon om terrenginngrep og drenering finn du her: [Alver kommune - Terrenginngrep og drenering](#)

Mei informasjon om støttemur finn du her: [Alver kommune - Støttemur](#)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Per-Kristian Villanger

NORDRE AUSTMARKA 68 5938 SÆBØVÅGEN